

Barnevennleg tur med vidt utsyn

Start turen ved Mykingstølen. Stigen går i eit småkuppert og lettgått terreng over tregrensa.

Vest for Mykingstølen deler stigen seg. Den sørlegaste stigen kryssar Svartdyssa som er eit lite myrparti, elles går den i turt terreng.

Den nordlege stigen følgjer ein gammal kjerreveg og bufarveg mot Mjåvasstølane. Ved Brekkedalen møtast stigane att, og fortsett over Snøfonndalen til Skurvehovda. Herifrå er det eit vidt utsyn mot blant anna Vats, Reineskarvet og Hallingskarvet.

Det er også fleire gamle stigar og vegar i området, og fleire av desse kan nyttast for å få til ein rundtur attende til Mykingstølen (sjå kartet), men dei er ikkje skilta og merka. Turen er og fin for terrengsykling.

Mykingstølen var stølen til garden Myking i Kvinnegardslia, men den vart etter kvart eit bureisingsbruk. Frå 1923 til 1929 var det fast busetnad på Mykingstølen.





Foto: T. Torgersen





Kart: Reineskarvet 1:50 000.

 Fv. 246 til Holto i Kvinnegardslia. Ta av mot Hevjanåsen, og køyr til Mykingstølen. Betalingsbom.

 Ca 7 km for rundturen.
Ca 2 timar. 1030 - 1122 moh.

 På parkeringsplass rett før Mykingstølen

 I lia opp mot Mykingstølen er det registrert både kolframstillingsanlegg og jernvinneanlegg.

 Lettgått terreng, men eit par kryssingar over våt myr.

Gamle folk som gjætte på Torsbu, har fortalt at gjætarane brukte Torsbuåsen/ Skurvehovda i såkalla «skjen-vær». Dvs. når det var varmt og stilt og kyrne var plaga av klegg og fluger. Då sprang kyrne unna insekta, dvs dei «skjenar». Då var det friskare luft og mindre insektplage oppe på Torsbuåsen.

